

## Saksgang

| Utv <u>al</u>                          | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for samferdsel og mobilitet |             | 25.11.2020 |

## Fylkesveg - fordeling av planleggingsmidlar 2021

Forslag til vedtak

1. Med etterhald om fylkestinget si godkjenning av budsjett 2021 vert planleggingsmidlar for 2021 på 25,5 mill. kr fordelt slik:

| Kommune      | Strekning/tiltak                             | Løying    |
|--------------|--|-----------|
| Sogndal      | Fv. 55 Bru over Esefjorden                   | 1 500 000 |
| Sunnfjord    | Fv. 609 Heilevang                            | 2 500 000 |
| Bremanger    | Fv. 616 Svelgen - Indrehus                   | 950 000   |
| Sunnfjord    | Fv. 611 Sæle - Engebø                        | 2 200 000 |
| Kvinnherad   | Kvinnheradpakken - reguleringsplan           | 3 000 000 |
| Alver        | Fv. 565 Ny Alversund bru med veg             | 1 350 000 |
| Kvam         | Fv. 49 Tokagejelet                           | 1 250 000 |
| Fitjar/Stord | Fv. 545 Stord vestside, Fitjar/Stord         | 100 000   |
| Kvam         | Fv. 79 Plan Øystese - Ålvik - Granvin        | 300 000   |
| Sveio        | Fv. 6 Grimstveit-Sveio sentrum               | 350 000   |
| Alver        | Fv. 564 Fløksand-Vikebø                      | 200 000   |
| Alver        | Fv. 57 Lindås - Austrheim grense             | 450 000   |
| Luster       | Fv. 44 Høyheim - Nes                         | 100 000   |
| Askvoll      | Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll               | 50 000    |
| Høyanger     | Fv. 55 Tronvik - Ulvåna                      | 300 000   |
| Alver        | Fv. 57 Skodvin skule- Vågseid (gs-veg)       | 450 000   |
| Stad         | Fv. 620 Kjøde - Sandvik                      | 50 000    |
| Kvinnherad   | Fv. 49 Forprosjekt Nordrepollen-Austrepollen | 200 000   |
| Bømlo        | Fv. 542 Svortland sentrum                    | 300 000   |
| Etne         | Fv. 5014 Skånevik-Nesvåg samt deler av Nes   | 300 000   |
| Askøy/Bergen | Fv. 562 Kollektiv Strusshamnsvatnet          | 50 000    |
|              | Miljøtiltak - problemkartlegging             | 50 000    |
|              | Støykartlegging                              | 350 000   |
|              | Diverse mindre planprosjekt                  | 600 000   |
|              | Forprosjekt - enkelprosjekt Vestland         | 1 500 000 |

|               |   |                   |
|---------------|---|-------------------|
|               | Forprosjekt/reguleringsplanarbeid i kommunal regi kopla mot fylkesveg | 1 300 000         |
| Sunnfjord     | Fv.57 Storehaug-Båtevik-Sunnfjord, kommunedelplan                     | 1 000 000         |
| Ullensvang    | Fv. 49 Forprosjekt Egne Hjem - Odda                                   | 100 000           |
| Austevoll     | Planmidlar forprosjekter -Austevollpakken                             | 300 000           |
| Voss          | Forprosjekt Parsell av fv.5402 - Ringheimsvegen                       | 100 000           |
| Gloppen       | Fv. 700 Sandane-Austrheim   | 150 000           |
|               | Ufordelt løying - må fordelast seinare                                | 4 100 000         |
| <b>Totalt</b> |   | <b>25 500 000</b> |

2. Hovudutval for samferdsle og mobilitet gir fylkesdirektøren for infrastruktur og veg fullmakt til å gjere endringar i fordeling av løyvinga mellom planprosjekta ut frå framdrift gjennom året.

#### Samandrag

I investeringsbudsjettet for 2021 er det framlegg om ei løyving på 25,5 mill. kr til planlegging/planprogram for prosjekt utanom Bergen. Denne sakta føreslår fordeling av løyvinga på ulike plan- og utgreiingsprosjekt. Det vert teke etterhald om fylkestinget si godkjenning av budsjett 2021.

For å sikre at planprosjekta har ein effektiv og god framdrift vert det føreslått at fylkesdirektøren får fullmakt til å kunne omdisponere prosjektløyvingane i tråd med framdrifta gjennom året.

Dina Lefdal  
fylkesdirektør

Einar Kvam  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I investeringsbudsjettet for 2021 er det framlegg om ei løyving på 25,5 mill. kr til planlegging/planprogram for prosjekt utanom Bergen. Det er ønske om at planleggingsmidlane vert fordelt allereie no, sjølv om budsjettet for 2021 ikkje er vedteke og vi ikkje har full oversikt over meir-/mindreforbruk på planprosjekta i 2020. Dette vil sikre at vi kan kome i raskare i gang med arbeidet i 2021.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for samferdsle og mobilitet har mynde til å disponere ufordelte løyvingar innanfor sitt arbeidsområde, jf. Budsjettreglementet pkt. 3.5.6.

Vurderingar og verknader

Innafor denne løyvinga skal vi finansiere planlegging etter plan- og bygningslova etter ei slik framdrift at prosjekta er klare til å starte når dei ligg an til å få prosjektløyvinga. Nokre av prosjekta. ligg allereie inne i investeringsprogrammet med oppstartsløyving i økonomiplanperioden.

Løyvingane til dei enkelte prosjekta er anslag på behov slik vi ser det no. Framdrifta i dei enkelte planprosessane er usikker. For å sikre ein effektiv og god framdrift vert det føreslått at fylkesdirektøren får fullmakt til å kunne omdisponere prosjektløyvingane i tråd med framdrifta gjennom året.

I det følgjande gis ein omtale av dei ulike plan- og utgreiingsprosjekta.

Fv. 55 Bru over Esefjorden, Sogndal kommune

Dette er eit skredsikringsprosjekt med planlagt oppstart i 2022. Løyvinga skal nyttast til arbeid med reguleringsplan.

Fv. 609 Heilevang, Sunnfjord kommune

Dette er eit skredsikringsprosjekt. Løyvinga skal nyttast til arbeid med reguleringsplan.

Fv. 614 Svelgen-Indrehus, Bremanger kommune

Dette er eit stort investeringsprosjekt med planlagt oppstart i 2024. Løyvinga skal nyttast til arbeid med reguleringsplan.

Fv. 611 Sæle - Engebø, Sunnfjord kommune

Prosjektet er eit mindre utbetringsprosjekt med planlagt oppstart i 2022. Midlane skal gå til reguleringsplanarbeid.

Kvinnheradpakken - planprosjekt, Kvinnherad kommune

Det er sett i gang fleire planprosessar til mogelege prosjekt som kan vere med i Kvinnheradpakken. Løyvinga skal nyttast til arbeid med reguleringsplanar.

Fv. 565 Ny Alversund bru med veg, Alver kommune

Kommunedelplanen er vedtatt. Løyvinga skal nyttast til arbeid med reguleringsplan.

Fv. 49 Tokagelet, Kvam kommune

Fv. 49 gjennom Tokagelet har to delstrekningar som ligg på skredsikringslista.

Kommunedelplanen er godkjent i 2020. Løyvinga skal nyttast til arbeid med reguleringsplan.

Fv. 545 Stord vestside, Fitjar/Stord kommune

Føremålet med prosjektet er vegutbetring. Prosjektet inngår i utbetringa av vegsystemet på Stord vestside. Utarbeiding av planforslag før kommunal handsaming. Prosjektet har også noko unytta midlar frå 2020 som vil bli overført til 2021.

Fv. 79 Øystese -Ålvik-Granvin, Kvam kommune

Det er sett av investeringsmidlar til utbetring av strekninga fram til 2024. Det er trong for reguleringsplanar for å realisere nokre av utbetringane på denne strekninga. Det vert halde fram med planlegging på enkelte punkt på strekninga i 2021.

Fv. 6 Grimstveit-Sveio sentrum, Sveio kommune  
Det er sett i gang planlegging for vegen mellom Grimstveit - Sveio sentrum, som er vidareføring av starta planprosess.

Fv. 564 Fløksand-Vikebø, Alver kommune  
Planen er sendt til kommunen for 1. gangs handsaming. Truleg vedtak i mars/april. Ferdig til sommaren 2021.

Fv. 57 Lindås - Austrheim grense, Alver kommune  
Strekninga frå Lindås til Mongstad har ikkje tilstrekkeleg tilbod til mjuke trafikkantar. Løyvinga skal nyttast til gjere ferdig plan. Tiltaket er ikkje ein del av Nordhordlandspakken.

Fv. 55 Høyheim - Nes, Luster kommune  
Det er sett av ei løyving til prosjektavklaring og oppstart reguleringsplan på strekninga.

Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll, Askvoll kommune  
Det er sett av ei løyving til prosjektavklaring for tiltak (mindre utbetringar) på strekninga.

Fv. 55 Tronvik - Ulvåna, Høyanger kommune  
Oppstart reguleringsplan delstrekning Merket-Ulvåna. Krev omfattande grunnundersøking i reguleringsplanfase. Forprosjekt er ferdig i 2020.

Fv. 57 Skodvin skule- Vågseid (gs-veg), Alver kommune  
Det manglar tilbod til gåande og syklande. Realisering av planen vil auke trafikktryggleiken og skape samanhengande sykkelvegnett. I 2021 er det lagt opp til mindre justeringar av planen før den kan leggast fram til endeleg vedtak. Tiltaket er ikkje ein del av Nordhordlandspakken.

Fv. 620 Kjøde - Sandvik, Stad kommune  
Det er sett av ei løyving til prosjektavklaring for tiltak (mindre utbetringar) på strekninga.

Fv 49 Forprosjekt Nordrepollen-Austrepollen, Kvinnherad kommune  
I etterkant av Norconsult sin mogelegenhetstudie for ny tunnel mellom Austrepollen-Nordrepollen er vidare prosess bestilt for å avklare veglinje, bru og geofag.

Fv. 542 Svortland sentrum, Bømlo kommune  
Planarbeidet har hovudfokus på tilbodet for mjuke trafikantar. Opprusting av kollektivknutepunktet er med i planarbeidet. Utarbeiding av planforslag før kommunal handsaming.

Fv. 5014 Skånevik-Nesvåg samt deler av Nes, Etne kommune  
Planen har vore til offentleg ettersyn i 2019. Oppfølging av motsegn og krav før slutføring. Tek siktet på godkjenning av plan i 2021.

Fv. 562 Kollektiv Strusshamnsvatnet til og med Olsviktunnelen, Askøy og Bergen kommune  
Det er trond for eit forprosjekt med fokus på framkome for kollektivtrafikk.

Fv. Miljøtiltak - problemkartlegging  
I arbeidet med regional plan for vassregionen Vestland med tiltaksprogram, skal vegeigar kartlegge trond for tiltak på fylkesvegane.

Støykartlegging  
Det er sett av midlar til lovpålagde tiltak.

Diverse mindre planprosjekt - Vestland fylke  
I samband med til dømes sykkel- kollektiv- eller trafikksikringstiltak kan det verte trond for planarbeid for å realisere tiltaka. Det vert sett av midlar i planprogrammet til slike planprosjekt.

Forprosjekt - enkeltprosjekt Vestland fylke  
Fleire kommunar har ambisjonar om prosjekt på fylkesveg. Dette er avsett ramme for forprosjekt i Vestland fylkeskommune.

Forprosjekt/reguleringsplanarbeid i kommunal regi  
Delfinansiering der kommunar i eigen regi gjennomfører planarbeid/ reguleringsplanar der fylkesveg inngår.

**Fv.57 Storehaug-Båtevik, Sunnfjord kommune**

Tidlegare Gaular kommune sette i gang ei detaljregulering på deler av strekninga. Det vart utgreidd fleire alternativ og laga ein sulingsrapport. I samråd med Sunnfjord kommune har vi konkludert med eit behov for å utarbeide ein kommunedelplan for strekninga der ein avklarar trase og der ein og ser på alternativ via Osen bru. Grunnlaget Gaular kommune og Norconsult har utarbeidd kan nyttast i vidare arbeid. Det er tidlegare i 2020 gjeve tilslutnad til kommunedelplan i SAMO.

**Fv. 49 Forprosjekt Egne Hjem - Odda, Ullensvang kommune**

På strekninga er det smalt parti/innsnevring til ei køyrebane, som må utbetraast og utvidast til to fulle køyrebaner. Strekninga har forholdsvis høg ÅDT, og har tidlegare vore omtalt i regional transportplan for Hordaland. Det er sett av ei løyving til prosjektavklaring for tiltak på strekninga.

**Planmidlar forprosjekt - Austevollpakken**

Det er sett av ei løyving til prosjektavklaring for aktuelle tiltak på Austevoll.

**Forprosjekt Parsell av fv.5402 - Ringheimsvegen, Voss kommune**

Det er sett av ei løyving til prosjektavklaring for tiltak (forprosjekt om tilbod mjuke trafikkantar) på strekninga.

**Fv. 700 Sandane-Austrheim, Gloppe kommune**

Det er sett av ei løyving til prosjektavklaring for tiltak (forprosjekt om tilbod til gåande og syklande) på strekninga.

**Ufordelt løyving**

I løpet av eit år kan det kome inn aktuelle nye tiltak. Dette kan gjelde tiltak som i økonomiplanperioden er aktuell å setje i verk. Fylkesdirektøren legg opp til å kome tilbake med sak om disponering av desse midlane seinare.

**Fv. 615 Sandane - Fitje, Gloppe kommune**

Prosjektet har vore prioritert på marginallista for gang- og sykkelvegprosjekt i tidlegare Sogn og Fjordane. Prosjektet har løyving i 2020, og det er laga eit forprosjekt for strekninga. Det er ikkje sett av midlar til dette prosjektet i framlegg til budsjett/økonomiplan for perioden 2021-2024. Fylkesdirektøren rår til å vente med vidare planlegging til prioriteringar i samband med Regional transportplan er avklart.

**Økonomi:** Saka omhandlar fordeling av løyving til planprogram for 2021 budsjettet

**Klima:** Ikke relevant

**Folkehelse:** Ikke relevant

**Regional planstrategi:** Ikke relevant

**Konklusjon**

Planlegging er viktig for å sikre at prosjekta er klare til å starte når dei ligg an til å få prosjektløyvinga.

Fylkesdirektøren legg med dette fram sitt framlegg til fordeling av ramma til planlegging av prosjekt utanom Bergen, jf. vedtakspunkt 1. For å sikre at planprosjekta har ein effektiv og god framdrift vert det føreslått at fylkesdirektøren får fullmakt til å kunne omdisponere prosjektløyvingane mellom prosjekta i tråd med framdrifta gjennom året.